



## Innkalling Formannskapet

**Møtedato:** 02.11.2016  
**Møtested:** Møterom - Børilden  
**Møtetid:** 09:00

Forfall skal meldast til Servicekontoret t. 56162000/post@austrheim.kommune.no  
Varamedlem møter berre etter nærare innkalling

### Saksliste

Saksnr	Tittel
118/16	Godkjenning av innkalling og saksliste
119/16	Godkjenning av møteprotokoll
120/16	Meldingar
121/16	Delegerte saker
122/16	Orienteringssak
123/16	Budsjett 2017
124/16	Lønn til rådmann og assisterande rådmann

Sak 124/16 er ikkje offentleg og dokumenta vert delt ut i møte

Dato, 25.10.2016

Per Lerøy  
ordfører

Jan Olav Osen  
rådmann

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
118/16	Formannskapet	PS	02.11.2016

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Emma Hjelmtveit	FE - 033	16/996

### Godkjenning av innkalling og saksliste

#### Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

#### Saksopplysninger:

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
119/16	Formannskapet	PS	02.11.2016

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jan Olav Osen	FE - 033	16/996

### Godkjenning av møteprotokoll

#### Vedlegg:

Protokoll - Formannskapet - 19.10.2016

#### Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

#### Saksopplysninger:



## Møteprotokoll Formannskapet

**Møtedato:** 19.10.2016  
**Møtestad:** Møterom - Børiiden  
**Møtetid:** 09:00-1450

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordfører
Anne Dahle Austrheim	KRF	Varaordfører
Siri Kaland	AP	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Jorund Stellberg	H	Medlem
Jan Erik Espelid	V	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle
Morten Sognnes	H	Varamedlem
Rikke Heldal Hope	H	Varamedlem

Fylgjande deltok frå administrasjonen:

Jan Olav Osen, Olav Mongstad, Thomas Lindås og Asbjørn Toft

Dato 20.10.16

Per Lerøy  
ordfører

Jan Olav Osen  
rådmann

## Sakliste

Saknr	Tittel
100/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
101/16	Godkjenning av møteprotokoll
102/16	Meldingar
103/16	Delegerte saker
104/16	Orienteringssak
105/16	Klage på avslag på nytt busstopp
106/16	Søknad om deling av hustomt på gbnr. 156/14 Austrheim- Dispensasjon
107/16	Søknad om arealoverføring av 200 m2 frå gbnr. 137/6 til gbnr 137/32 på Njøta - Dispensasjon
108/16	Veg til Furuly
109/16	Vurdering av erstatning etter oppheving av vedtak om kjøp av bustad 130/13 på Kaland i Austrheim kommune
110/16	Uttale til "Høyring - Organisering av eigendomsoppmålingen og forslag til endringar av matrikkellova" -frå Det kongelege kommunal og moderniseringsdepartement
111/16	Planstrategi for Austrheim kommune 2016-2020- Høyringutkast
112/16	Endeleg godkjenning - Kommunedelplan for trafikksikring 2016 - 2023
113/16	Biovekst i Hordaland, spørsmål om deltaking i prosjektet
114/16	Garantiavtale Aufera
115/16	Industriutvikling Vest AS - Søknad om tilskot
116/16	Søknad om tilskot til nye lokaler
117/16	Tertialrapport nr. 2 2016 og Budsjettjusteringer

## **100/16: Godkjenning av innkalling og saksliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

### **19.10.2016 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### **FS - 100/16 - 19.10.2016 - Vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

---

## **101/16: Godkjenning av møteprotokoll**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

### **19.10.2016 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### **FS - 101/16 - 19.10.2016 - Vedtak:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

---

## **102/16: Meldingar**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Meldingane vert tekne til orientering

### **19.10.2016 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

**FS - 102/16 - 19.10.2016 - Vedtak:**

Meldingane vert tekne til orientering

---

**103/16: Delegerte saker**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Delegerte saker vert tekne til orientering

**19.10.2016 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

**FS - 103/16 - 19.10.2016 - Vedtak:**

Delegerte saker vert tekne til orientering

---

**104/16: Orienteringssak**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**19.10.2016 FORMANNSKAPET**

Asbjørn Toft orienterte om status for omsorgsbustadane på Kaland . Bjørn Størkersen orienterte om status på Kaland skule.

Sjur Nedrebø orienterte om eventuelt samarbeid med Nordhordland Næringshage om korleis ein skulle integrere flyktingane med spesiell fokus på korleis flyktingane kunne komme raskt i arbeid.

Rolf Henning Myrmel orienterte om bustads situasjonen for flyktingane og bad om fullmakt til å legge inn bud på hus i Åråsfeltet.

Framlegg til vedtak:

Rådmannen får fullmakt til å legge inn bud på hus som er til sals i Åråsfeltet. Eventuelt kjøp skal handsamast i kommunestyret.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Assisterande rådmann orienterte om status for kommunalsjefstillinga.

Ordførar Per Lerøy orienterte om status i høve til tomt ved brannstasjonen der Markus har avtale om kjøp.

**FS - 104/16 - 19.10.2016 - Vedtak:**

Orienteringane vert teke til vitande.

Rådmannen får fullmakt til å legge inn bud på hus som er til sals i Åråsfeltet. Eventuelt kjøp skal handsamast i kommunestyret.

---

**105/16: Klage på avslag på nytt busstopp**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Austrheim kommune opprettheld avslag av 14.11.2014 på nytt busstopp. Avslaget er grunngeve med at plassering av nytt busstopp ikkje er eigna for sning av buss og at avstanden på 493 m til eksisterande busstopp fra bustad ikkje er urimeleg og ligg godt innanfor skyssgrensa på 2 kilometer. Ein vurderer ikkje vegen som farleg eller vanskeleg.

**25.08.2016 FORMANNSKAPET**

Fellesframlegg:

Saka vert utsett og handsama i neste møte.

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

**FS - 089/16 - 25.08.2016 - Vedtak:**

Saka vert utsett og handsama i neste møte.



## **19.10.2016 FORMANNSKAPET**

Det var synfaring i saka der fylgjande var tilstades:

Frå formannskapet: Per Lerøy, Anne Dahle Austrheim, Siri Kaland, Morten Sognnes og Rikke Heldal Hope

Frå administrasjonen: Asbjørn Toft, Thomas Lindås og Jan Olav Osen

Frå klager: Jan- Terje Brügger

Framlegg frå ordførar til nytt avsnitt :

Rådmannen får i oppgåve å få til ordning med busstur, veglys og skilting og avtale med grunneigar om eksisterande snuplass.

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med tillegg av ordføraren sitt framlegg.

### **FS - 105/16 - 19.10.2016 - Vedtak:**

Austrheim kommune opprettheld avslag av 14.11.2014 på nytt busstopp. Avslaget er grunngeve med at plassering av nytt busstopp ikkje er eigna for sning av buss og at avstanden på 493 m til eksisterande busstopp fra bustad ikkje er urimeleg og ligg godt innanfor skyssgrensa på 2 kilometer. Ein vurderer ikkje vegen som farleg eller vanskeleg.

Rådmannen får i oppgåve å få til ordning med busstur, veglys og skilting og avtale med grunneigar om eksisterande snuplass.

---

## **106/16: Søknad om deling av hustomt på gbnr. 156/14 Austrheim- Dispensasjon**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Austrheim kommune gjev på vilkår som omsøkt dispensasjon til deling for oppføring av bustad på gnr. 156/14 på Austrheim.

-Vilkår er at den frådelt tomten må knytta seg til den kommunaltekniske infrastrukturen i området når det gjeld VVA (veg, vatn og avlaup).

-Vilkår er at det eksisterande våningshuset på gbnr. 156/14 får ny vegtilkomst som vist i søknad før igangsettingsløyve vert gjeve til nytt hus på frådelt tomt. Eksisterande ubebygd tomt på gbnr. 156/221 skal knytast til nye vegtilkomst før det kan gjevast igangsettingsløyve til hus på gbnr. 156/221.

Grunngjeving for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 1-8 og § 26-1.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland på klagevurdering.

**Vedtak etter jordlova:**

Det vert gjeve løyve til omdisponering av eventuell dyrkbar jord for bustadtomt og vegframføring og til den omsøkte delinga på gbnr 156/14 i Austrheim kommune. Grunngjevinga står i saksutgreiinga. Vedtaket har heimel i §§ 9 og 12 i jordlova.

**19.10.2016 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FS - 106/16 - 19.10.2016 - Vedtak:**

Austrheim kommune gjev på vilkår som omsøkt dispensasjon til deling for oppføring av bustad på gnr. 156/14 på Austrheim.

-Vilkår er at den frådelt tomten må knyttast til den kommunaltekniske infrastrukturen i området når det gjeld VVA (veg, vatn og avlaup).

-Vilkår er at det eksisterande våningshuset på gbnr. 156/14 får ny vegtilkomst som vist i søknad før igangsettingsløyve vert gjeve til nytt hus på frådelt tomt. Eksisterande ubebygd tomt på gbnr. 156/221 skal knyttast til nye vegtilkomst før det kan gjevast igangsettingsløyve til hus på gbnr. 156/221.

Grunngjeving for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 1-8 og § 26-1.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland på klagevurdering.

**Vedtak etter jordlova:**

Det vert gjeve løyve til omdisponering av eventuell dyrkbar jord for bustadtomt og vegframføring og til den omsøkte delinga på gbnr 156/14 i Austrheim kommune. Grunngjevinga står i saksutgreiinga. Vedtaket har heimel i §§ 9 og 12 i jordlova.

---

## **107/16: Søknad om arealoverføring av 200 m2 frå gbnr. 137/6 til gbnr 137/32 på Njøta - Dispensasjon**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Austrheim kommune gjev løyve på vilkår dispensasjon til omsøkt frådeling på gbnr. 137/6 av 200 m2 tilleggsareal til bebyggt fritidseigedom på gbnr. 137/32 på Njøta:

1. Oppmålingsforretning må skje innan tre år, om ikkje fell delingsløyvet ut.
2. Tilleggsarealet skal samanføyast med gbnr. 137/32.

Grunngjeving for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i jordlova § 12 og plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 1-8 og § 26-1.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland til klagevurdering.

### **19.10.2016 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **FS - 107/16 - 19.10.2016 - Vedtak:**

Austrheim kommune gjev løyve på vilkår dispensasjon til omsøkt frådeling på gbnr. 137/6 av 200 m2 tilleggsareal til bebyggt fritidseigedom på gbnr. 137/32 på Njøta:

1. Oppmålingsforretning må skje innan tre år, om ikkje fell delingsløyvet ut.
2. Tilleggsarealet skal samanføyast med gbnr. 137/32.

Grunngjeving for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i jordlova § 12 og plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 1-8 og § 26-1.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland til klagevurdering.

---

## **108/16: Veg til Furuly**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Austrheim kommunestyre gjev rådmannen mynde til å inngå kontrakt med Odd Haugen Maskinstasjon as på opparbeiding av ny veg til Furuly.

Kostnad kr 1.253.038,- vert dekt med kr 200.000,- fra prosjektkonto 033528 Veg til Tresvik og kr 878.038,- fra prosjektkonto 026515 Nye omsorgsbustader. Restbeløp på kr 175.000 vert dekt med

tilskot fra Hordaland fylkeskommune, trafikksikringstiltak.

#### **19.10.2016 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

#### **FS - 108/16 - 19.10.2016 - Vedtak:**

Austrheim kommunestyre gjev rådmannen mynde til å inngå kontrakt med Odd Haugen Maskinstasjon as på opparbeiding av ny veg til Furuly.

Kostnad kr 1.253.038,- vert dekt med kr 200.000,- fra prosjektkonto 033528 Veg til Tresvik og kr 878.038,- fra prosjektkonto 026515 Nye omsorgsbustader. Restbeløp på kr 175.000 vert dekt med tilskot fra Hordaland fylkeskommune, trafikksikringstiltak.

---

#### **109/16: Vurdering av erstatning etter oppheving av vedtak om kjøp av bustad 130/13 på Kaland i Austrheim kommune**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

Saka vert lagt fram utan tilråding. Formannskapet vedtar/tilrår erstatninga.

#### **19.10.2016 FORMANNSKAPET**

Framlegg frå ordføraren:

Austrheim formannskap gjev rådmannen fullmakt til å tinga med Walter Kaland om ein kompensasjon.

Framlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

#### **FS - 109/16 - 19.10.2016 - Vedtak:**

Austrheim formannskap gjev rådmannen fullmakt til å tinga med Walter Kaland om ein kompensasjon.

---

## **110/16: Uttale til "Høyring - Organisering av eigendomsoppmålingen og forslag til endringar av matrikkellova" -frå Det kongelege kommunal og moderniseringsdepartement**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Austrheim kommune meiner at fagmiljøet innafor oppmåling i kommunane har ført til eit effektivt, godt fungerande og rettferdig oppmålingssystem i Norge. Austrheim kommune rår difor frå at landmålerforetak skal kunna tilby eigendomsoppmåling på like vilkår som kommunane, ei slik privatisering og konkurranseutsetting vil vera uheldig både kvalitetsmessig, kostnadsmessig, tidsmessig og rettsleg.

Austrheim kommune meiner at det overordnede ansvaret for føring av eigendomsopplýsningar skal vera hjå kommunane og først der, slik det vert gjort i dag. Dette må ikkje sentraliserast til Statens kartverk og byråkratiserast ytterlegare.

Austrheim kommune meiner at utdanninga som vert gjeve i dag innafor dette fagfeltet sikrar ei god oppmålingsteneste i kommunane i Norge.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt høringsforslag om endringar i matrikkellova mv. må difor avvisast. Austrheim kommune viser elles til vurderingar i saksutgreiinga.

### **19.10.2016 FORMANNSKAPET**

Framlegg frå H v/ Rikke Heldal Hope:  
Framlegg til vedtak:

Ved innføring av oppmålingsplikt for heile landet i 1980 så vart denne oppgåva lagt til kommunane, men utan oppbygging av eit korps av profesjonelle landmålarar eller spesifikke kompetansekrav til dei som skulle utføre arbeidet. Eigedomskartet som er utvikla er mangelfullt. I motsetning til andre land med denne type matrikulært system er det ikkje registreringsplikt (tinglysingsplikt) i Norge, og grunneigarane kan lovleg avtale andre grenser enn dei grensene som vert målt opp. Manglande kvalitet og konsistens i oppmåling og eigedomskartlegging kan føre til usikkerhet og eigedomstvistar. Problem kan oppstå med gjennomføring av planer, avdi det ikkje er ei fullgod oversikt over dei faste eigedomane. Det vil også i Norge vere problematisk å innføre nettbaserte system for søknader om bygging og andre arealtiltak.

For å sikre at eigedomskartet på sikt blir korrekt bør det innførast oppmålingsplikt ved omsetjing av eigedom som ikkje frå før er tilfredsstillande oppmålt og kartlagt, og plikt for grunneigarane til å registrere grenseendringar.

Austrheim kommune gjev sin tilslutning til Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt høringsforslag om endringar i matrikkellova mv. Framlegget frå rådmannen fekk 3 røyster og framlegget frå Rikke Heldal Hope fekk 2 røyster (H).

**FS - 110/16 - 19.10.2016 - Vedtak:**

Austrheim kommune meiner at fagmiljøet innafor oppmåling i kommunane har ført til eit effektivt, godt fungerande og rettferdig oppmålingssystem i Norge. Austrheim kommune rår difor frå at landmålerforetak skal kunna tilby eigedomsoppmåling på like vilkår som kommunane, ei slik privatisering og konkurranseutsetting vil vera uheldig både kvalitetsmessig, kostnadsmessig, tidsmessig og rettsleg.

Austrheim kommune meiner at det overordnede ansvaret for føring av eigedomsopplysningar skal vera hjå kommunane og førast der, slik det vert gjort i dag. Dette må ikkje sentraliserast til Statens kartverk og byråkratiserast ytterlegare.

Austrheim kommune meiner at utdanninga som vert gjeve i dag innafor dette fagfeltet sikrar ei god oppmålingsteneste i kommunane i Norge.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt høringsforslag om endringar i matrikkellova mv. må difor avvisast. Austrheim kommune viser elles til vurderingar i saksutgreiinga.

---

**111/16: Planstrategi for Austrheim kommune 2016-2020- Høringutkast**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Formannskapet legg høringutkast for «Planstrategi for Austrheim kommune 2016-2020» ut til høyring. Høringsfrist vert 15. november 2016. Vedtaket er heimla i Plan- og bygningslova si § 10-1.

**19.10.2016 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FS - 111/16 - 19.10.2016 - Vedtak:**

Formannskapet legg høringutkast for «Planstrategi for Austrheim kommune 2016-2020» ut til høyring. Høringsfrist vert 15. november 2016. Vedtaket er heimla i Plan- og bygningslova si § 10-1.

---

**112/16: Endeleg godkjenning - Kommunedelplan for trafikksikring 2016 - 2023**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Kommunedelplan for trafikksikring 2016 – 2023, med tilhøyrande vedlegg, vert godkjent i samsvar med plan- og bygningslova § 11-15, med følgjande endringar:

- Talet på skadde i samandraget, 2. avsnitt, 2. punktum, vert retta frå 26 til 33.
- Der det er brukt ordet «riksvegar» i planen vert dette retta til fylkesveg.
- I punkt. 2.7, 5. avsnitt vert «2015 – 2022» retta til 2016 – 2023.
- I punkt 1.3, 5. avsnitt, 1. punktum vert «veglova § 40» retta til vegtrafikklova § 40a.
- I punkt 2.5, 1. avsnitt, vert dei fire kulepunkta retta til:
  - Trafikksikringsarbeid i kommunane
  - Møteulykker utanfor tettbygde strok
  - Mjuka trafikantar i by område
- I punkt 2.5, siste avsnitt, vert tilskotsordningane retta til følgjande:
  - Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar
  - Tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak
  - Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement
- I punkt 1.3, vert avsnittet om Trygg Trafikk endra til følgjande:
- «Trygg Trafikk jobbar for best mogleg trafikksikring for alle trafikantgrupper, og skal fungere som eit bindeledd mellom sivilsamfunn og frivillig sektor på eine sida, og offentlege mynde og sentrale avgjersletakarar. Organisasjonen har distriktskontor i alle fylka og hovudkontor i Oslo. Trygg Trafikk regionalt jobbar særleg med konseptet «Trafikksikker kommune», som handlar om korleis kommunane kan få eit meir systematisk trafikksikringsarbeid. I tillegg er organisasjonen eit kompetansesenter for born og unge, og utviklar materiell for dei ulike oppvekstnivåa og danningstinstitusjonane.»
- I punkt 2.1 vert følgjande tekst lagt til på slutten av første avsnitt:
- «I 2024 er tilstandsmålet 500 hardt skadde og drepte.»
- I punkt 2.5.1, 1. avsnitt, 2. punktum, samt i overskrifta punkt 2.5.1, vert ordet «sertifisert» endra til godkjent.

### **19.10.2016 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

### **FS - 112/16 - 19.10.2016 - Vedtak:**

Kommunedelplan for trafikksikring 2016 – 2023, med tilhøyrande vedlegg, vert godkjent i samsvar med plan- og bygningslova § 11-15, med følgjande endringar:

- Talet på skadde i samandraget, 2. avsnitt, 2. punktum, vert retta frå 26 til 33.
- Der det er brukt ordet «riksvegar» i planen vert dette retta til fylkesveg.
- I punkt. 2.7, 5. avsnitt vert «2015 – 2022» retta til 2016 – 2023.
- I punkt 1.3, 5. avsnitt, 1. punktum vert «veglova § 40» retta til vegtrafikklova § 40a.
- I punkt 2.5, 1. avsnitt, vert dei fire kulepunkta retta til:
  - Trafikksikringsarbeid i kommunane
  - Møteulykker utanfor tettbygde strok
  - Mjuka trafikantar i by område
- I punkt 2.5, siste avsnitt, vert tilskotsordningane retta til følgjande:
  - Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar
  - Tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak

- *Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement*
- I punkt 1.3, vert avsnittet om Trygg Trafikk endra til følgjande:
- *«Trygg Trafikk jobbar for best mogleg trafikksikring for alle trafikantgrupper, og skal fungere som eit bindeledd mellom sivilsamfunn og frivillig sektor på eine sida, og offentlege mynde og sentrale avgjersletakarar. Organisasjonen har distriktskontor i alle fylka og hovudkontor i Oslo. Trygg Trafikk regionalt jobbar særleg med konseptet «Trafikksikker kommune», som handlar om korleis kommunane kan få eit meir systematisk trafikksikringsarbeid. I tillegg er organisasjonen eit kompetansesenter for born og unge, og utviklar materiell for dei ulike oppvekstnivåa og danningseinstitusjonane.»*
- I punkt 2.1 vert følgjande tekst lagt til på slutten av første avsnitt:
- *«I 2024 er tilstandsmålet 500 hardt skadde og drepte.»*
- I punkt 2.5.1, 1. avsnitt, 2. punktum, samt i overskrifta punkt 2.5.1, vert ordet «sertifisert» endra til godkjent.

---

## **113/16: Biovekst i Hordaland, spørsmål om deltaking i prosjektet**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Austrheim kommune blir med i prosjektet «Biogass i Hordaland. Kostnaden på 40 000 kr vert teken frå ansvar 803, teneste 3250, tiltaksarbeid. Ved eventuell representasjon frå Austrheim, vert ordførar med varaordførar som vara valde.

### **19.10.2016 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **FS - 113/16 - 19.10.2016 - Vedtak:**

Austrheim kommune blir med i prosjektet «Biogass i Hordaland. Kostnaden på 40 000 kr vert teken frå ansvar 803, teneste 3250, tiltaksarbeid. Ved eventuell representasjon frå Austrheim, vert ordførar med varaordførar som vara valde.

---

## **114/16: Garantiavtale Aufera**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Austrheim kommunestyre godkjenner avtale mellom Austrheim kommune, Fedje kommune og Radøy kommune om delansvar for lån i kommunalbanken.  
Austrheim kommune si garanti vert gjeve som simpel kausjon.



## **19.10.2016 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

### **FS - 114/16 - 19.10.2016 - Vedtak:**

Austrheim kommunestyre godkjenner avtale mellom Austrheim kommune, Fedje kommune og Radøy kommune om delansvar for lån i kommunalbanken.

Austrheim kommune si garanti vert gjeve som simpel kausjon.

---

## **115/16: Industriutvikling Vest AS - Søknad om tilskot**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Austrheim kommune gjev ikkje tilskot til industriutvikling vest for perioden 2017 – 2021.

## **19.10.2016 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

### **FS - 115/16 - 19.10.2016 - Vedtak:**

Austrheim kommune gjev ikkje tilskot til industriutvikling vest for perioden 2017 – 2021.

---

## **116/16: Søknad om tilskot til nye lokaler**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Austrheim formannskap løyver kr. 25.000 som tilskot til etablering av nye lokaler til Nordhordland Næringshage AS.

Løyvinga skal nyttast i samsvar med føremål angitt i søknaden.

Kr. 25.000,- vert løyvd frå post 149038011902- Tilleggsloøyving etter formannskapet si avgjersle.

Nødvendig dokumentasjon på bruk av midlane må leggjast fram før utbetaling av tilskotet

## **19.10.2016 FORMANNSKAPET**

Framlegg frå H v/Rikke Heldal Hope:

Grunnet den økonomiske situasjonen i Austrheim kommune ser en ikke at vi kan støtte søknad om

stønad til prosjektet "banken"

Rådmannen sitt framlegg fekk 3 røyster og framlegget frå H fekk 2 røyster.

**FS - 116/16 - 19.10.2016 - Vedtak:**

Austrheim formannskap løyver kr. 25.000 som tilskot til etablering av nye lokaler til Nordhordland Næringshage AS.

Løyvinga skal nyttast i samsvar med føremål angitt i søknaden.

Kr. 25.000,- vert løyvd frå post 149038011902- Tilleggsloøyving etter formannskapet si avgjerse. Nødvendig dokumentasjon på bruk av midlane må leggjast fram før utbetaling av tilskotet

**117/16: Tertialrapport nr. 2 2016 og Budsjettjusteringer**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Tertialrapport nr.2 2016 vert teke til vitande og budsjettjusteringer vert godkjent slik det ligg føre i rapporten.

**19.10.2016 FORMANNSKAPET**

Framlegg til tilråding frå ordførarem

1. Tertialrapport nr. 2 2016 vert teke til vitande
2. Fylgjande budsjettjustering vert godkjent:

Ansvar	Tekst	Auka Utg.	Red. Utg	Auka innt.	Red. innt.
900	Tilskot flyktningar			-800000	
211	Auka løn Kaland skule	500000			
302	Tilskot til livsopphald	300000			
	Total	800000		-800000	

Framlegget frå ordføraren vart samrøystes tilrådd.

**FS - 117/16 - 19.10.2016 - Vedtak:**

1. Tertialrapport nr. 2 2016 vert teke til vitande

2. Fylgjande budsjettjustering vert godkjent:

Ansvar	Tekst	Auka Utg.	Red. Utg	Auka innt.	Red. innt.
900	Tilskot flyktningar			-800000	
211	Auka løn Kaland skule	500000			
302	Tilskot til livsopphald	300000			
	Total	800000		-800000	

---

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
120/16	Formannskapet	PS	02.11.2016

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Emma Hjelmtveit	FE - 033	16/996

### Meldingar

#### Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering

#### Saksopplysninger:

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
121/16	Formannskapet	PS	02.11.2016

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Emma Hjelmtveit	FE - 033	16/996

### Delegerte saker

### Saker

Saksnummer	Tittel
107/16	Ferdigattest gbnr 156/277 - Blomhaugane - 4 manns bustad <b>I medhald av plan- og bygningslova § 21-10, vert det gjeve ferdigattest for heile tiltaket.</b>
108/16	Godkjenning - Bergsvik hyttefelt - revidert teknisk plan VA <b>Revidert teknisk plan VA for hyttefelt Bergsvik versjon 1 av 5. oktober 2016. Blir godkjent slik den ligg føre, med heimel i "Kommunalteknisk VA norm for Austrheim kommune datert 23.10.2013".</b>

### Framlegg til vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering

### Saksopplysninger:

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
122/16	Formannskapet	PS	02.11.2016

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Emma Hjelmtveit	FE - 033	16/996

### Orienteringssak

#### Framlegg til vedtak:

Konsernsjef Jannicke Hilland og styreleiar Odvar Nilsen vil i møte orientere om eigarskapsaker i BKK

.

**Denne orienteringa er ikkje offentleg.**

#### Saksopplysninger:

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
123/16	Formannskapet	PS	02.11.2016

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jan Olav Osen	FE - 150	16/997

### Budsjett 2017

#### Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til orientering og drøfting.

#### Saksopplysninger:

##### Bakgrunn

I møte den 02.11 vil årsbudsjettet for 2017 bli handsama. Dette er eit arbeidsmøte der budsjettet vil bli gjennomgått.

Det er lagt opp til fylgjande tidsplan for budsjettarbeidet:

Dag og dato	Tema	Kommentar
Mandag 31.10. Onsdag 02.11	Budsjettkonferanse Møte i formannskap – budsjett 2017, Orientering og drøfting	Arbeidsmøte
Torsdag 17.11 Torsdag 24.11	Utsending av budsjettsaka til formannskap Møte i formannskapet-Budsjett 2017, med saksutgreiing og framlegg til vedtak	Vedtaks møte
	Formannskapet si tilråding vert lagt ut til offentleg ettersyn.	
Torsdag 15.12	Budsjett i kommunestyret Lage til budsjetttrundskriv til utsending i postkassane	

#### Vurdering

Dokument i saka vil ligge føre til møte den 24.11.16. Desse vil bli utsendt den 17.11.16

#### Konklusjon

Saka vert lagt fram til orientering og drøfting.